



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tor G. Turøy, 55 57 22 22

Vår dato
08.06.2016
Dykkar dato
02.06.2016

Vår referanse
2016/5017 620
Dykkar referanse
14/2010 - 16/7147

Radøy kommune
postmottak@radoy.kommune.no

Statleg tilskot for 2016 til vidareføring av stilling ved barneverntenesta

Fylkesmannen viser til brevet vårt av 21. mai 2015. Vidare viser vi til Nordhordland Revisjon IKS sin revisjonsrapport av 1. juni 2016, til Radøy kommune sitt brev av 2. juni 2016 og til rekneskapsoppsettet som vi mottok per e-post i dag 8. juni 2016. Vi har etter dette mottatt informasjon om stillingar i det kommunale barnevernet i 2015 samt rekneskap og revisjonsrapport om bruken av det statlege tilskotet til styrking av det kommunale barnevernet i Radøy i 2015.

I 2015 hadde Radøy kommune til rådvelde 680 000 kroner i statleg tilskot øyremerka til å vidareføre styrkinga av barnevernet i kommunen, sjå tildelingsbrevet vårt av 21. mai 2015. Styrkinga gjeld ei permanent stilling som Radøy kommune oppretta med statlege midlar i 2012.

I følgje rekneskapstala brukte Radøy kommune 620 275 kroner på lønsutgifter til den aktuelle stillinga i 2015. Vi har då ikkje tatt omsyn til overhead/administrasjonsutgifter. Revisjonssjef Reidar Bjørsvik ved Nordhordland Revisjon IKS reviderte rekneskapen den 1. juni 2016.

Fylkesmannen legg etter det til grunn at Radøy kommune i 2015 har nytta 620 275 kroner av dei 680 000 statlege tilskotskronene som kommunen hadde til rådvelde, og at 59 725 kroner ikkje vart nytta i 2015. Vidare legg vi til grunn at desse 59 725 unyttia kronene vert overførte til bruk i barnevernstenesta i 2016, og at årets statlege løyving vert tilsvarende redusert.

Ordninga med styrkingsmidlar til barnevernet over statsbudsjettet kapittel 854 post 60 vert ført vidare i 2016. Statstilskotet til ei stilling utgjer inntil 700 000 kroner. Etter fråtrekk av dei pengane som ikkje vart nytta av fjarørets løyving, får Radøy kommune innvilga **640 275 kroner** i statleg tilskot i 2016. I lag med dei overførte pengane frå i fjar disponerer Radøy kommune **700 000 kroner** som skal brukast til å finansiere vidareføring av den stillinga som kommunen tidlegare har fått statleg tilskot til å opprette. Tilskotet for 2016 vil bli utbetalt når Fylkesmannen har mottatt vedlagde stadfesting i underskriven stand.

Tilskotet skal nyttast til løn og lønsrelaterte utgifter, som inkluderer arbeidsgjevaravgift samt pensjonsdel, feriepengar og eventuelle andre sosiale utgifter. Tilskotet dekkjer ikkje overhead/administrasjonsutgifter, telefonutgifter, kontorutgifter, reiseutgifter eller godtgjering for bruk av eigen bil.

Det er ein føresetnad at Radøy kommune ikkje reduserer stillingane i det kommunale barnevernet i 2016.

Tilskotet skal i utgangspunktet nyttast i 2016. Tilskotsmidlar som ikkje vert brukte i år kan likevel overførast til neste år dersom stillinga vert vidareført. I tilfelle vil ei eventuell statleg løying neste år bli tilsvarende redusert.

Radøy kommune skal sende revisorattestert rekneskap for bruken av tilskotsmidlane for 2016 til Fylkesmannen innan 31. mars 2017. Kopi av tildelingsbrevet skal leggast fram for revisor saman med rekneskapet. Dersom rekneskap som er revidert av revisor ikkje vert levert, kan tilskotet krevjast tilbakebetalt. For tilskot på mindre enn 100 000 kroner er det til vanleg ikkje krav om revisoruttale.

Fylkesmannen har fått i oppgåve å kontrollere at tilskotet vert brukt i tråd med føresetnadene. Rekneskapet må difor setjast opp på ein slik måte at lønsutgiftene til ei stilling kjem fram, og bruken av tilskotsmidlane kan haldast saman med reglane for tilskotsordninga.

Fylkesmannen og Riksrevisjonen har rett til å kontrollere at løyvinga vert nytta etter føresetnadene, sjå statens løyvingsreglement § 10 andre ledd. Dersom pengane ikkje vert nytta etter føresetnadene, skal dei tilbakebetalast til statskassa.

Vi ber om at referansenummeret vårt, 2016/5017, vert påført framtidig korrespondanse som gjeld tilskotet for 2016.

Med helsing

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Tor G. Turøy
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikke underskrifter.

Stadfestinga skal snarast sendast i retur til:

Fylkesmannen i Hordaland
fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Eventuelt per brevpost til:
Postboks 7310
5020 Bergen

Fylkesmannens referanse: 2016/5017

STADFESTING

Organisasjonsnummer:

.....

Kommunenummer:

.....

Kontonummer:

.....

Namn, postadresse og telefonnummer ansvarleg leiar for den kommunale barneverntenesta, eventuelt økonomiansvarleg:

Radøy kommune har fått tilsegn om statleg tilskot på **640 275 kroner** for budsjettåret 2016 til vidareføring av ei stilling i barneverntenesta. Det er ein føresetnad at Radøy kommune ikkje reduserer stillingane i barnevernet i 2016.

Radøy kommune stadfester med dette å ha lese og godtatt vilkåra som er sett i Fylkesmannens brev av 8. juni 2016.

.....
stad

.....
dato

.....
ansvarleg leiar

Stadfestinga skal underteiknast av rådmannen eller den som har fullmakt frå rådmannen